

# Oppstart arbeid med samfunnsdelen til kommuneplan

Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram KPS

Vedteke i kommunestyret 13.02.2025 sak 009 25




## 1 Bakgrunn

Jamføre plan- og bygningslova (pbl) § 10-1 skal kommunestyret seinast eitt år etter konstituering utarbeide og vedta ein ny kommunal planstrategi. I planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan, både samfunnsdelen og arealdelen, skal reviderast i kommunestyreperioden.

Kommuneplanen skal jf. pbl § 11-1 ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Samfunnsdelen skal jf. pbl § 11-2 ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Den skal også vere grunnlaget for alle kommunale sektorplanar og all kommunal verksemd.

Arbeidet med planstrategien kan slåast saman med oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Dette er med medhald i kommunestyret sitt vedtak av 21.3.2024 gjort i dette dokumentet, som utgjer **kommunal planstrategi for 2024-2027** jf. § 10-1 i pbl, og **planprogram for samfunnsdelen 2025-2036** jf. §§ 11-13 og 4-1 i pbl.

Fristen for å vedta den nye kommunale planstrategien var i utgangspunkt 5.10.2024.



Figur 1: Kommunal planstrategi og samfunnsdelen til kommuneplanen i det kommunale plansystemet (kjelde: regjeringen.no)

## 1.1 Overordna føringer

Det er mange overordna føringer som må takast omsyn til i kommunal planlegging. Dei som blir sett på som viktigaste for arbeidet med planstrategien og samfunnsdelen til kommuneplanen er:


- Plan- og bygningslova
- Statlege planretningslinjer (SPR) og rikspolitiske retningslinjer (RPR)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- FN sine berekraftsmål
- Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi)

### 1.1.1 Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er rammeverket for all kommunal planlegging. Lova sin formålsparagrafen byrjar slik: «*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner*». Kapittel IV i lova gjev konkrete føringer for arbeidet med kommunal planstrategi og kommuneplanen.

Berekraft handlar ikkje berre om miljø. For å oppnå berekraftig utvikling må det vere ei balanse mellom det miljømessige, sosiale forhold og det økonomiske. Det blir då også snakka om miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Miljødimensjonen handlar om å ta vare på naturen og klimaet som naudsynt livsgrunnlag for menneskesamfunnet. Den sosiale dimensjonen skal sikre at alle menneske har eit godt og rettferdig grunnlag for å kunne leve eit godt liv. Den økonomiske dimensjonen skal sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn.



Figur 2: Dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling (kjelde: Berekraftig utvikling (ikke uu), av Bedin, T. (<https://ndla.no/image/51038>). CC BY-SA 4.0.)

### 1.1.2 Statlege planretningslinjer (SPR) og rikspolitiske retningslinjer (RPR)

Statlege planretningslinjer og rikspolitiske retningslinjer blir vedtekne av kongen i statsråd og viser nasjonalt viktige planleggingstema. Dei gjeldande retningslinjene er:

- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)

Dersom nokre av retningslinjene blir erstatta av reviderte versjonar under prosessen med ny kommunal planstrategi og planprogrammet for samfunnssdelen, skal det om mogleg takast omsyn til dette. Men dersom eventuelle nye retningslinjer kjem for seint i planprosessen, må innarbeiding vente til neste planrevisjon.

### 1.1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2024-2027

For å fremje berekraftig utvikling i Norge skal regjeringa jf. pbl §§ 3-5 og 6-1 kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Desse skal fylgjast opp i dei regionale og kommunale planstrategiane og planane. [Gjeldande dokumentet](#) inneheld til saman 72 forventingar, delt på fem tema:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

I dokumentet står det: «*Forventningsdokumentet er retningsgivende og formidler ikke alle nasjonale mål, oppgaver og interesser som planleggingen skal ivareta. Dokumentet må derfor ses i sammenheng med aktuelle lover, forskrifter, meldinger til Stortinget og rundskriv, og kan ikke brukes som selvstendig grunnlag for innsigelse.*»

### 1.1.4 FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som en felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Stortinget vedtok i 2022 ein nasjonal handlingsplan for å nå berekraftsmåla<sup>1</sup>. Måla Norge per i dag ligg dårlegast an til å nå, er mål 2

---

<sup>1</sup>

Meld. St. 40 (2020–2021): [Mål med mening](#)

## Oppstart av arbeid med samfunnssdelen til kommuneplanen

«Utrydde svolt», 12 «Ansvarleg forbruk og produksjon», 13 «Stoppe klimaendringane» og 15 «Livet på land» (kjelde: fn.no). Etter dei 17 berekraftsmåla blei vedteke i FN, må alle kommunar i Norge ta aktiv stilling til måla, og alle berekraftsmål er viktige. I arbeidet med samfunnssdelen til kommuneplanen skal det avklarast kva berekraftsmål Vik kommune i særleg grad kan bidra til å fylge opp.

Kommuneadministrasjonen har byrja å jobbe meir systematisk med berekraftsmåla. I starten av 2024 blei den gjennomført ein arbeidsverkstad over to dagar med alle i administrasjonen som jobbar med ulike formar for planlegging. Resultata frå arbeidsverkstaden blei samla i ein rapport som inngår i kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med planstrategien og samfunnssdelen.



Figur 3: FN-berekraftsmål (kjelde: FN)

Når ein jobbar med berekraftsmåla er det viktig å hugse på at dei tre berekraftsdimensjonane - miljømessig, sosial og økonomisk berekraft - ikkje utan vidare kan sidestillast. Ein mykje brukt modell viser berekraft som ein pyramide, der miljø og klima dannar sjølve grunnlaget for å kunne oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling og økonomi. Berekraftsmål 17 «Samarbeid for å nå måla» står difor sentralt i berekraftsarbeidet.



Vestland sin berekriftsmodell. Kjelde: Tilpassa etter original frå Stockholm Resilience Center. Bearbeidd for Vestland fylkeskommune.

Figur 4: Berekriftspyramiden til Stockholm Resilience Centre i ein tilpassa versjon som Vestland fylkeskommune brukar i høyringsutkastet for Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

### 1.1.5 Utviklingsplan for Vestland

Den gjeldande regionale planstrategien *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* blei vedteke i 2020 og definerer fire hovudmål for perioden med til saman 13 strategiar for å nå måla.

Fylkeskommunen jobbar no med regional planstrategi 2024-2028 og har sendt ut eit høyringsutkast med noko reviderte hovudmål og 10 strategiar for å nå måla. Dersom fylkeskommunen held framdriftsplanen for arbeidet, blir den nye regionale planstrategien vedteken litt før Vik sin kommunale planstrategi. Men det blir mest truleg så seint i kommunen sin planprosess at den nye regionale planstrategien først kan leggjast til grunn når sjølv samfunnssdelen til kommuneplanen blir utarbeidd.



Figur 5: Hovudmåla i regional planstrategi for Vestland 2020-2024

## 1.2 Viktige utviklingstrekk i Vikjasamfunnet

I kommuneplanen sin samfunnsdel skal kommunestyret ta stilling til korleis Vikjasamfunnet skal utviklast vidare, og kva som skal vere satsingsområda i valperioden fram til nytt val i 2027. Utviklingsmåla og satsingsområda skal ta omsyn til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft på både kort og lang sikt. Dette går også fram av FN sine 17 berekraftsmål, som alle kommunar i Norge skal leggje til grunn i alt sitt planarbeid.

Utfordringsbilete for Vik kommune kjem fram av kunnskapsgrunnlaget som blei samanstilt som grunnlag for arbeidet med planstrategien og planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel (sjå kap. 6). Utfordringane som er vurderte til å vere mest relevante for arbeidet med samfunnsdelen er trekte fram i dette kapittelet, sortert etter tolv tema.

### 1.2.1 Folketalsutvikling

Per 21.2.2024 var vi 2551 innbyggjarar i kommunen. Folketalet går ned, men farten av utviklinga er sidan 2022 blitt redusert, i alle fall mellombels. Det er folketalsnedgang i alle delar av kommunen. Arnafjorden og Fresvik nærmar seg eit kritisk nivå. Dei mest optimistiske folketalsframskrivingane viser at folketalet teoretisk kan stabiliserast rundt nivået som var i 2020, dvs. på rundt 2640 innbyggjarar. Den mest pessimistiske framskrivinga viser vidare nedgang, med 2111 innbyggjarar i 2040. Det er eit fødselsunderskot i kommunen, og det er fleire som flyttar frå kommunen enn til kommunen. Talet for innbyggjarar over 67 år aukar, mens talet for dei andre aldersgruppene går ned. Folketal og framskrivingar viser ei framtidig utvikling der det blir færre i yrkesaktive alder som kan ta hand om pleietrengande og eldre, og som kan skape verdiar som skal betale for aukande utgifter til folketrygda og helse- og omsorgstenesta. Vik kommune er blitt nokså internasjonalt, med 29 ulike representerte nasjonalitetar, 13 % av innbyggjarane blei født i andre land enn Norge. Vi må tilpasse oss desse demografiske endringane på fleire område: Bustadar, offentlege tenester, mobilitet, aktivitetstilbod m.m.

### 1.2.2 Flyktningar og integrering

Behovet for busetting av flyktningar i Norge har aldri vore større, og Vik kommune har dei siste åra gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar. Av tidlegare busette flyktningar har mange flytta frå kommunen til andre stadar i Norge. I februar 2024 vedtok kommunestyret at kommunen i 2024 skal ta imot 30 flyktningar. Det er ei utfordring å skaffe husver. Kapasiteten i kommunale bustadhus er brukt opp, og det som var eigna og tilgjengeleg på den private bustadmarknaden er også brukt. I 2024 vurderte kommunen å setje opp midlartidege modulbygg til busetjing av flyktningar. Alle flyktningar som kjem til kommunen får tilbod om introduksjonsprogram. Etter tre månader skal kommunen tilby praksis i programmet, både med tanke på norskopplæring og mål om arbeid. Det er utfordrande å finne praksisplassar som passer for deltakarane og som fører til lønna arbeid.

### 1.2.3 Bustadsituasjon

Einebustad er med avstand den mest vanlege buforma i kommunen, men andre bustadtypar som t. d. bustadblokk og rekkehus aukar. Einebustad er buforma som krev mest energi<sup>2</sup>. Det er den store andelen av einebustadane i kommunen som også er ein av hovudgrunnane til at innbyggjarane sitt klimafotavtrykk er større enn landssnittet. Det er per i dag ledige bustadtomter i alle delar av kommunen. Talet personar som bur åleine aukar sterkt. Tal heilårsbustadar som blir brukte som fritidsbustadar har meir enn dobla seg sidan 2012. Kommunen har rikeleg med arealreservar for fritidsbustadar.

### 1.2.4 Samferdsel og transport

Kommunen har framleis store utfordringar knytt til veg, ferje og kollektivtransport. Det er stor rasfare mange plassar, spesielt på strekningane Vik-Voss, Vik-Arnafjord og Vangsnes-Feios-Fresvik, noko som resulterer i relativ hyppige vegstengingar i periodar av året. Det er framleis relativ låg ferjefrekvens i sambandet Vangsnes-Hella-Dragsvik. Det er nedgang i passasjertala for ferjesambandet Vik-Ortnevik-Nordeide, og ei auke for sambandet Vangsnes-Hella-Dragsvik. UNG-data-undersøkinga peikar på at kollektivtransporten i kommunen ikkje svarar til behovet til dei unge.

I Seljadalen og Orvisdalen er det framleis utilfredsstillande dekning for mobil. Telenor har lovd betre dekning innan slutten av 2025. Simlenes og strendene manglar fiber-breiband.

### 1.2.5 Næringsliv og sysselsetjing

Helse- og omsorgsteneste er næringa som flest innbyggjarar i kommunen jobbar i, etterfylgd av bygge- og anleggsverksemd og industri. Arbeidsløysa i kommunen er relativt låg. Tal arbeidsplassar totalt i kommunen har sidan 2016 gått ned, også i det private næringslivet. Det er relativt lite inn- og utpendling samanlikna med andre kommunar i regionen, som er eit teikn på låg arbeidsmarketintegrasjon.

---

<sup>2</sup>

Sjå [Folkets Fotavtrykk](#)

## 1.2.6 Kommuneøkonomi

Kommunen har dei seinare år hatt gode netto driftsresultat, mest pga. høge straumprisar. Dei høge kraftprisane har også gjort det mogleg å byggje disposisjonsfondet opp. Gjeldsnivået er høgt, mest pga. store investeringar knytt til prosjektet for Vik helse- og omsorgssenter (VHO) og naudsynte tiltak innan kommunalt vatn- og avløp. På grunn av dei nemnde investeringane vil rente- og avdragsbelastninga stige mykje dei kommande år og bli svært utfordrande for kommunen sin økonomi.

## 1.2.7 Helse & velferd, oppvekst og kultur

Nye VHO er planlagd ferdig bygd i 2026 og vil opne opp for ein framtidsretta og god bruk av ressursane i helsesektoren.

Det er i dag offentlege skular på Flatbygdi i Vik og i Feios (1.-10. klasse), i tillegg til ei privat barneskule i Fresvik. Det er offentleg barnehagetilbod i Fresvik, i Feios, på Vangsnes, i Vik sentrum og i Bøadalen. Valsvik barnehage i Arnafjorden er ikkje nedlagt, men pga. for få ungar er tilbodet ikkje aktivt for tida. Alle vidaregåande elevar må gå på skule i andre kommunar, sidan Vik ikkje har dette skuletilbodet. Dei fleste elevane vel å gå på vidaregåande skule i Sogndal, men fleire vel no også Voss. Vik er ein hybelkommune. Fleirtalet flyttar på hybel når dei startar på vidaregåande opplæring. I 2023 gjennomførte 93 % av alle elevar frå Vik vidaregåande opplæring. Tilsvarande tal for Vestland fylke er 80 %. God oppvekst gjer ungdommene betre rusta for hybellivet og til å fullføre eit utdanningsløp. Ein god oppvekst kan vere avgjerande for om ein flyttar heim i vaksen alder. Talet elevar i grunnskulen går ned. I 2023 var det 278 elevar. Kommunen har skulefritidsordning. I 2023 var det 46 barn som brukte tilbodet.

Kommunen brukar mest kulturmidlar på idretten, deretter kjem kulturskule og bibliotek. Kulturskulen har venteliste. Kommunen har kulturmidlar, også til kulturbrygg, som årleg kan søkjast tilskot frå. Kommunen har starta opp med frivilligsentral og har fått på plass eit BUA-lokale til utlån av fritidsutstyr, spesielt for unge.

## 1.2.8 Samfunnstryggleik

Store område i kommunen er aktsemdområde for skred og/eller flaum . For nokre område er det fastsett reelle faresoner for skredfare. Klimaet er i endring, og kommunen må førebu og tilpasse seg til konsekvensane. Det er varsle om kraftig auke i nedbør og meir overvatn, fleire og større regnflaumar, auka fare for jord-, flaum og sørpeskred samt auka stormflodnivå som fylge av havstiging. Ei mogleg auke er også varsle for tørkefare, faren for våtsnøskred, kortare isleggingssesong og hyppigare vinterisgangar.

## 1.2.9 Klima, energi og miljø

Miljødirektoratet sin utsleppsrekneskap for klimagassar viser at Vik kommune i 2022 stod for eit direkte klimagassutslepp på 21.899 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter (CO<sub>2</sub>e)<sup>3</sup> . Dei største utsleppskjeldene er jordbruk og sjøfart. Desse direkte klimagassutslepp innanfor kommunen sine grensar må ned innan 2030 for å avgrense konsekvensane av klimaendringane. Det er forventa at kommunen bidreg til at Norge kan nå klimamåla vi har plikta oss til gjennom internasjonale avtaler. I Vik kommune har vi per i dag ikkje set oss

<sup>3</sup>

Kjelde: Miljødirektoratet: [Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker](#)

mål for utsleppsreduksjon, slik det er lovpålagt. Klimafotavtrykket (klimagassutslepp knytt til forbruk) til kommunen sine innbyggjarar er med 14,3 tonn CO<sub>2</sub>e høgare enn landssnittet som er på 12,6 tonn <sup>4</sup>. Det største bidraget til klimafotavtrykk til norske hushald kjem i fylgje miljødirektoratet frå «mat og drikke» og «transport». Det er estimert at klimafotavtrykket i Norge innan 2030 må ned til 3 tonn CO<sub>2</sub>e per innbyggjarar, gjennom strukturelle endringar og personlege val.

Miljømåla for til saman 45 vassførekommunar i kommunen er per i dag ikkje nådde og må jf. den regionale forvaltningsplanen nåast innan 2027 eller seinast 2033.

I starten av 2024 vedtok EU endringar i avløpsdirektivet for tettstadane. Frå 2035 vil kravet for å reinske kloakk gjelde for tettstadar over 1000 innbyggjarar. Sidan direktivet er EØS-relevant vil dette bli gjeldande for Vik sentrum. Kommunen må dei neste åra setje av eigna areal til reinskeanlegg for kloakk i kommuneplan, detaljregulere området og få på plass anlegget. Kommunen manglar per i dag også tømmestasjon for bubar.

I fylgje statistisk sentralbyrå har mengda matavfall i kommunen dei siste tre år gått ned. Det same gjeld elektrisk og elektronisk avfall. Mengde glassavfall og papp har derimot auka. Om lag 50 % av avfallet blir brent, 28 % blir gjenvunne og 22 % blir kompostert. Mengde hushaldningsavfall i kommunen bør kunne reduserast meir. Mengde avfall som blir resirkulert bør kunne aukast.

Energiforbruket i Vik per innbyggjar var i 2022 om lag lik landssnittet. Sidan 2021 har energiforbruket knytt til oljeprodukt auka igjen, og det knytt til elektrisitet har gått ned. Den største posten for forbruk av energi frå oljeprodukt er primærnæringa dvs. jordbruk og skogbruk. Deretter følgjer sjøfart. Energiforbruket i industrien er i kommunen 100 % elektrisk. Forbruket knytt til transport er framleis nesten utelukka basert på oljeprodukt.

## 1.2.10 Arealressursar og arealbruk

Arealendringar er den største trusselen for naturmangfaldet. Arealendringar er også ein viktig årsak til klimagassutslepp og eit endra klima. Avskoging og nedbygging av karbonrike areal, slik som skog og myr, fører kvart år til store utslepp av klimagassar i Norge.

For å ha oversikt over arealtypar i og arealendringane, kan det lagast eit arealrekneskap for kommunen. Omgrepet blir i dag ofte brukt for både arealrekneskap, arealstatistikk og arealbudsjet. Vik kommunen fekk i starten av 2024 sitt fyrste, enkle arealrekneskap utarbeidd av fylkeskommunen, som blei brukt i revisjonen av kommuneplanen sin arealdel. Kommunen er med i eit prosjekt i regi av fylkeskommunen for å utvikle arealrekneskapen vidare til eit betre verktøy.

Jordvern er viktig med tanke på mattryleik. I fylgje statistisk sentralbyrå sine tal, har det i perioden 2015-2023 blitt omdisponert til saman om lag 116 daa med dyrka jord i kommunen, i gjennomsnitt om lag 13 daa per år. Sidan 2019 har den årlege omdisponeringa lege på under 8 daa. I den gjeldande nasjonale jordvernstrategien er målet for omdisponering av dyrka mark i Norge sett til maksimalt 2000 daa per år totalt. Målet skal nåast innan 2030.

---

<sup>4</sup>

Sjå [Folkets fotavtrykk](#)

## 2 Kommunal planstrategi 2024 - 2027

### 2.1 Evaluering av førre planstrategien

Planstrategien for kommunestyreperioden 2020-2023 blei vedteken i februar 2021. Arbeidet med strategien blei organisert som prosjekt med plansjefen som prosjektleiar, rådmannen som prosjektansvarleg og formannskapet som styringsgruppa. Prosjektet var også forankra i den administrative leiargruppa og i plangruppa. Det blei det danna ei administrativ arbeidsgruppe som stod for utforming av strategien. Gruppa bestod av rådmannen, plansjefen, leiaren for avdelinga for plan og forvaltning samt kommunalsjefen for stabsfunksjonar. Avdelinga for plan og forvaltning og leiargruppa fungerte som referansegrupper.

Planstrategien omfatta totalt 45 planar og la opp til 39 planprosessar, sidan seks av dei oppførte planar ikkje skulle reviderast i perioden. Planprosessane gjaldt ni nye planar og 30 planrevisjonar:

- Revisjon av dei tre planane som utgjer kommuneplanen (samfunnsdel, arealdel, økonomiplan)
- Tre nye kommunale reguleringsplanar
- Revisjon av sju kommunedelplanar
- 26 temaplanar (nye eller revisjon)

I kategorien «temaplanar» var det til saman 16 «planar» der plantittelen indikerer at det eventuelt ikkje dreier seg om fullverdige temaplanar, men kanskje heller handlings- eller tiltaksplanar, strategiar, analysar, oversikter eller kartleggingar.

Når ein ikkje reknar med reguleringsplanar, bestod planverket til Vik kommune i perioden 2020-2023 av 42 planar. I perioden 2016-2019 var det 32 planar.

Kommunen klarte å komme i mål med om lag 40 % av planprosessane strategien la opp til. Om lag 30 % av planprosessane blei starta opp, men kunne ikkje sluttførast i kommunestyreperioden. Ein tredjedel av planprosessane kom aldri i gang.

Det blei gjennomført ei enkel spørjeundersøkinga med kommunalsjefane som hadde det overordna ansvaret for planprosessane, for å kartlegge ev. grunnar for at mange planprosessar ikkje kom i mål eller aldri blei starta opp. Resultata var:

- Tre av fem kommunalsjefar gav uttrykk for at det ikkje var nok arbeidsressursar til planarbeidet.
- Tre kommunalsjefar nemnde at planprosessar ikkje blei starta opp eller sluttført i påvente av andre prosessar, interkommunale eller kommuneinterne.
- Av enkelte sektorleiarane blei det peika på manglande kompetanse og manglande økonomiske midlar.
- Ein kommunalsjef nemnde også at ein planprosess blei lengre enn planlagt pga. andre faktorar, som t. d. fleire høyringsrundar eller trøng for meir medverknad.

- I samband med interkommunale prosessar blei også nemnd informasjonssvikt som grunn, både internt og mellom kommunane.

Hovudgrunnen for at berre 40 % av planprosessane som planstrategien for 2020-2023 la opp til kunne gjennomførast ser ut til ligge i sjølve det kommunale planverket. Vik kommune har for mange planar. Planbehovet er ikkje styrt gjennom samfunnsdelen, og dagens planverk er meir eit samansurium av planar enn eit system tilpassa kommunen sine behov og ressursar.

## **2.2 Vurdering av planbehovet (kommuneplan og interkommunale kommunedelplanar)**

I planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan, både samfunnsdelen og arealdelen, skal reviderast i kommunestyreperioden. Planstrategien kan også ta stilling til andre planbehov.

### **2.2.1 Erfaringar med gjeldande kommuneplanen**

Den gjeldande kommuneplanen for Vik kommune blei vedteke for over 10 år sidan. Samfunnsdelen blei vedteke i desember 2012, arealdelen i juni og november 2014. Ei revisjon av arealdelen blei starta i 2017.

Gjeldande kommuneplan 2013-2014 omfattar:

- Samfunnsdelen (del 1) med tilhøyrande handlingsplan (del 2)
- Arealdelen med eit tekstdokument (planomtale, føresegner og retningslinjer) og plankartet, samt vedlagt konsekvensutgreiing (KU), risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og to fagrapportar

Hovudmålet i gjeldande samfunnsdelen er: «*Snu folketalsutviklinga - 2800 innbyggjarar i 2024*»

Overordna delmål i planen er:

- Kommunesenteret Vik og bygdene Arnafjorden, Vangsnæs, Feios og Fresvik skal utviklast vidare som levande og attraktive lokalsamfunn
- Kommuneplanarbeidet skal leggja til rette for ei utvikling som sikrar gode levekår og livskvalitetar for noverande og komande generasjonar

I planen er det nemnd seks strategiar for å nå hovudmålet:

1. *Vik kommune skal vera open, attraktiv og imøtekommande for tilflyttarar og etablerarar.*
2. *Bygdene i Vik kommune skal ha gode og trygge samband til omverda, slik at dei vert del av eit større bu- og arbeidsområde.*

3. *Vik Kommune skal vera ein god tenesteprodusent og forvaltar, og ein aktiv samfunnsutviklar.*
4. *Eit organisert og forpliktande samarbeid om næringsutvikling mellom Vik Kommune, næringsliv og offentlege verksemder skal medverka til gode vilkår for eksisterande og nye arbeidsplassar.*
5. *Vik kommune skal vera ein idretts- og kulturkommune, med stor breidde, stor deltaking og dugnadskultur som kjenneteikn.*
6. *Vik kommune skal ivareta og framheva sin status som verdsarvcommune med god forvaltning av verna og verdifulle naturområde, kulturarv og kulturminne*

Vidare er det i planen peika ut åtte temaområde:

- Samferdsel og kommunikasjonar
- Økonomi og organisasjon
- Offentlege tenester og tilbod
- Næringsutvikling og bygdeutvikling
- Kultur og fritid
- Folkehelse og likestilling
- Bruk og vern av natur og kulturmiljø
- Samfunnstryggleik og beredskap

For temaområda er det til saman vedteke over 145 mål, delmål, retningslinjer, tiltak, strategiar og satsingsområde. Det er også rundt desse temaområde handlingsplanen (del 2 av samfunnssdelen) er bygd opp.

Erfaringar med gjeldande kommuneplanen er m. a. at hovudmålet ikkje var realistisk. No, når vi har nådd 2024, ser vi at folketalet samanlikna med 2011 (2760 innbyggjarar) ikkje har auka, som hovudmålet i planen la opp til, men at det har gått vidare ned til i dag om lag 2500 innbyggjarar. Det er truleg også for mange mål og strategiar i planen, og det manglar tydleg prioritering. Mange av måla og strategiane kan likevel vere relevante også i dag. I arbeidet med den nye samfunnssdelen må det takast stilling til kva som kan eller bør vidareførast eller må endrast.

Handlingsplanen til samfunnssdelen, som i fylgje planen skulle rullerast årleg, er aldri blitt rullert, fordi ein såg på den årleg rullerte økonomiplanen som «hovudhandlingsdel». Konsekvensen av dette var at måla og strategiane fram til i dag aldri blei justerte, slik som det til vanleg vil vere behov for. Og det var truleg lite politisk fokus på evaluering undervegs, dvs. kva mål som blei nådde og kva mål ein må jobbe vidare med. I tillegg har økonomiplanen vore prega av ein del tiltak og budsjettløyvingar som ikkje er forankra i kommuneplanen.

Oppsummert må det stadfestast at samfunnssdelen ikkje blei brukt som det styringsverktøyet som han kunne ha fungert som. Den nye samfunnssdelen bør utformast slik at den blir tydlegare på satsingsområda og prioriteringane som igjen gjev retning for vidare oppfylging i planperioden fram til 2027.

Erfaringane med gjeldande arealdel frå 2014 er generelt gode. Planen, inkludert arealstrategien, har heile tida vore grei til å styre arealbruken i kommunen. Men med tanke på ein del overordna tema og

statlege krav, t. d. knytt til strandsone, jordvern og villrein er planen etter kvart nokså utdatert. Arealdelen har vore under revisjon sidan 2017. Arbeidet blir slutført innan 2024.

## 2.2.2 Samfunnsdelen som styringsverktøy

Jamfør plan- og bygningslova (tbl) skal kommuneplanen «*ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn»* (tbl § 11-1). Det er mykje som har endra seg dei siste 10 år, og endringane skjer i dag raskare enn dei gjorde før.

Vidare seier lova at «*Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private*» (tbl § 11-2). Samfunnsdelen skal med andre ord vere kommunen sitt overordna styringsverktøy. For at samfunnsdelen kan fungere slik, bør den reviderast i fyrste året i kvar kommunestyreperiode, heilt eller delvis. Arealdelen skal bygge på føringane i samfunnsdelen og bør då reviderast heilt eller delvis etter at samfunnsdelen er vedteke. Det bør vere ei tettare kopling mellom samfunnsdelen og økonomiplanen, slik at økonomiplanen fylgjer opp satsingane i samfunnsdelen, slik som kommunelova legg opp til (*kommuneloven* § 14-4). For å oppnå dette må økonomiplanen tilpassast slik at funksjonen som handlingsdel for kommuneplanen kjem tydlegare fram. Samfunnsdelen og økonomiplanen bør dessutan styre behovet for både nye eller reviderte sektorplanar samt behovet for reguleringsplanar (i lag med ev. føringane i arealdelen).

Den nye samfunnsdelen til kommuneplanen kjem til å ha to hovuddelar:

- Visjon og hovudmål («dei lange linjene») for heile Vikjasamfunnet
- Prioriterte satsingsområde for valperioden

Den pågåande arealdelrevisjonen har allereie vist at ei ny planrevisjon innan perioden er naudsynt, fordi revisjonen av arealdelen frå 2014 blei så omfattande at oppdatering av planen for fleire deltema måtte utsetjast til neste revisjon.

Konklusjonen er at det er eit stort behov å revidere kommuneplanen i kommunestyreperioden 2024-2027. Samfunnsdelen bør reviderast heilt og arealdelen delvis.

Planrevisjon kommuneplan	2024	2025	2026	2027
Samfunnsdel, heil				
Arealdel, delvis				

## 2.2.3 Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Den interkommunale kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde bør reviderast i kommunestyreperioden 2024-2027.

Planen blei vedteken i kommunane i 2016 og blei ikkje rullert i 2020, slik planen la opp til. Handlingsprogrammet gjekk ut i 2019. Det er behov for ei generell oppdatering av planen, ikkje minst med tanke på FN sine berekraftsmål. Det er også komme ny kunnskap i form av [kvalitetsnorma for villrein](#) og stortingsmeldinga [Ein forbetra tilstand for villrein](#) (Meld. St. 18, 2023-2024) som må innarbeidast i planen. I samband med høyring av Vik sin arealdel til kommuneplanen våren/sommaren 2023 fekk administrasjonen i tillegg inntrykket at statsforvaltaren ser på villreinplanen som noko utdatert.

Det bør startast opp eit prosjekt med dei involverte kommunane om revisjon av planen.

## 2.3 Tilpassing av kommunalt planverk

Det kommunale planverket består, i tillegg til kommuneplanen, også av diverse kommunedelplanar og temaplanar. Evalueringa av planstrategien 2020-2023 tilseier at det bør gjerast endringar i Vik kommune sitt planverk.

Når talet kommunale planar aukar på same til som det blir naudsynt å revidere planane oftare, vil det elles med tida bli meir og meir utfordrande å halde planverket oppdatert. Planverket bør tilpassast betre kommunen sitt behov. Tal planar bør reduserast ned til eit nivå som kommunen med tilgjengelege ressursar klarer å halde ved like, med omsyn til dei få planane som er lovpålagde. Det bør også undersøkjast om enkelte planar kan bli mindre omfattande for å forenkle arbeidet med planrevisjonar.

Kommunen bør rydde i sitt planverk og prøve å halde det ryddig ved å

- Avklare i kva forhold planane står til kvarandre (revurdere plantitlane)
- Avklare om innhaldet i temaplanar kan samordnast i overordna planar eller kan inngå i samfunnssdelen til kommuneplanen
- Gjere ei vurdering på om plantypen «tematisk kommunedelplan» kan gå ut, for å forenkle planprosessane
- Byggje planverket på tydelege hovudprinsipp som er lett å forstå
- Tydeleg plassere ansvaret for planane og vedlikehaldet
- Når nye tema skal leggjast til, vurdere nøye om det er naudsynt med eige plan eller om temaet kan innarbeidast i eksisterande planar

Måla i samfunnssdelen bør styre planbehovet, som då vil gå fram av handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnssdel. Finansiering av planprosessane må sikrast gjennom økonomiplanen.

Når planbehovet blir styrt gjennom samfunnssdelen samt økonomiplanen kan planstrategien forenklast, slik at den i hovudsak klarlegg om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis i kommunestyreperioden. Kunnskapsgrunnlaget for den nye planstrategien bør samanstillast allereie på slutten av valåret. Desse dokument bør inngå i kunnskapsgrunnlaget:

- Utvalde statistikk for kommunen
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og overordna beredskapsplan
- Folkehelseoversikt
- Kjerneområde landbruk
- Strandsoneanalyse for Vik kommune
- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Planar som skal inngå i samfunnsdelen allereie i denne revisjonen er:

- Klima- og energiplan
- Sti- og løypeplan

Her blei det allereie starta opp planprosessar som eigne planar. For klima- og energiplanen blei det sett fast planprogram. Arbeidet med sti- og løypeplanen er i sluttfasen.

Også andre aktuelle tematiske kommunedelplanar eller temaplanar kan med fordel integrerast i samfunnsdelen, enten no eller seinare. Tal planar bør reduserast kraftig for å gjere det mogleg å halde dei oppdaterte. Det bør leggjast opp til ein hovudplan per kommunesektor, som relevant innhald frå dei eksisterande planar blir innlemma i. Planane bør reviderast delvis (eller ev. heilt) i kvar kommunestyreperiode. Sektoren for samfunn, næring og kultur er tematisk såpass omfattande at den har ei særstilling. Her vil det truleg vere behov for fleire temaplanar.

## 2.4 Prioriterte planoppgåver for reguleringsplanarbeid

Reguleringsplanar kan utarbeidast av både kommunen sjølv og andre. Sjølv om planar blir utarbeidd av t. d. private, krev dette ein god del arbeidskapasitet i administrasjonen til kvalitetssikring og planprosessen. Frå og med høyring er planprosessen kommunen sitt ansvar.

Vik kommune må prioritere å fullføre pågående planprosessar. Etter det blir eit prosjekt for planvask prioritert høgast, sidan det vil få avklart behovet for å oppheve, endre/oppdatere eller erstatte eksisterande reguleringsplanar. Det overordna målet med planvaskprosjektet er å redusere tal gjeldande reguleringsplanar kraftig og oppdatere planane som skal gjelde. Planvask inneber ein systematisk gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplanar og ei vurdering av planane etter definerte kriterium. Jobben blir såpass omfattande at kommunen truleg må bruke konsulent til større delar av arbeidet. Kommunen kan søkje om statleg tilskot. På grunn av pågående arbeid med revisjon av kommuneplanen, både areal og samfunnsdel, må oppstart av planvaskprosjektet vente til 2025.

Av nye planforslag er detaljregulering for småbåthamna i Vik prioritert høgast, sidan det truleg er ein mindre omfattande plan med få grunneigarar og kommunen som hovudgrunneigar. Også ny reguleringsplan for Vikøyri er lagt inn med mogleg oppstart i 2025, forutsett at planvaskprosjektet fram til då har avklart spørsmålet om eksisterande plan kan endrast eller om det trengast heilt ny plan. Reguleringsplanen for Fridtjovparken er lagt inn med oppstart 2026, sidan ein her først må få avklart om det er kommunen eller Statsbygg, som eigar av parken, som skal regulere.

Dersom regulering av området ved Vik fengsel framleis er aktuelt etter at den nye samfunnsdelen til kommuneplanen er vedteke, kan arbeidet ev. starte opp i løpet av 2026. Det må også pårekna noko arbeidsressursar for oppfylging av private reguleringsplanforslag som ev. kjem i perioden.

I vedlegg 4.5 er det ei meir detaljert vurdering samt grunngjeving for kvart enkelt forslag.

Også behovet for nye reguleringsplanar skal framover styrast av kommuneplanen, samfunnsdelen/økonomiplanen og arealdelen.

<b>Detaljregulering</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>
Nordre Skjelingen - <i>planprosess i gang</i>				
Detaljregulering Vettleøyri – <i>planprosess i gang</i>				
Oppstart av prosjekt for planvask (reguleringsplanar)				
Detaljregulering småbåthamna i Vik				
Reguleringsplan Øyri				
Detaljregulering for Skianlegg på Kålsete				
Detaljregulering for <u>Fridtjovparken</u> , Vangsnæs				
Detaljregulering for «blålysprosjektet»/utviding av Vik fengsel				
Detaljregulering for <u>Nese</u> , Arnafjord	Ev. ny vurdering i samband med rullering av handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel/økonomiplan			
Detaljregulering for skytebane på Vangsnæs	Ikke aktuelt lenger			

## 3 Planprogram for ny samunnsdel til kommuneplanen 2025 - 2036

### 3.1 Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å lage en ny samfunnsdel til kommuneplanen for perioden 2025-2036 for Vik kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument og skal legge føringer for alt anna planarbeid. Samfunnsdelen er verktøyet for heilskapleg planlegging, og skal legge til rette for samarbeid og heilskapleg utvikling av kommunesamfunnet. Den skal synleggjere dei strategiske vala for samfunnsutviklinga i kommunen, og vise korleis kommunen arbeider med overordna omsyn som t. d. folkehelse, barn og unge, klima og miljø, integrering og næringsinteresser.

Samfunnsdelen tek føre seg både kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Planen er såleis også sentral for å samordne kommunen si eiga verksemd, og kan legge grunnlag for samarbeid på tvers av sektorar i kommunen.

Eit planprogram er ein «plan for planen». Planprogrammet skal jf. pbl kapittel fire gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. Det skal også nemne konkrete tema planen skal vurdere samt ev. behov for utgreiingar og anna kunnskapsgrunnlag.

### 3.2 Planprosess, organisering av arbeidet og medverknad

Oppstart av planarbeidet blir varsle på same tid som forslag til planprogram leggjast ut på høyring. Fristen for å komme med innspel skal vere minst seks veker. Etter at planprogrammet har vore på høyring, og innkomne merknader har blitt gjennomgått, blir endeleg planprogram fastsett av kommunestyret. Fastsett planprogram vil ligge til grunn for vidare arbeid med samfunnsdelen.

## Oppstart av arbeid med samfunnssdelen til kommuneplanen

Arbeidet med samfunnssdelen blir organisert slik:

Prosjekteigar/oppdragsgjever:	Kommunestyret
Styringsgruppe:	Formannskapet
Prosjektansvarleg:	Kommunedirektøren
Prosjektleiar:	Kommunen sin areal- og samfunnsplanleggjar
Administrativ arbeidsgruppe:	Prosjektleiar Kommunalsjef for samfunn, næring og kultur Avdelingsleiar plan og forvaltning Kommunen sin arealplanleggjar/sivilarkitekt
Faste referansegrupper:	Kommunedirektøren si leiargruppe/utvida leiargruppe Ungdomsrådet Eldererådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Det er vidare planlagt medverknadstiltak for alle innbyggjarar, næringslivet (Vik næringssamskipnad/Sogn næring) og skulane. Frivillige lag vil bli spesielt inviterte til medverknad. Det er også planlagt å drøfte utkast for ny samfunnssdel i Regional planforum.

Det skal i denne samfunnssdelrevisjonen prøvast ut nye metodar for medverknad, slik som spørjeundersøking, arbeidsverkstad, «gjestebod»<sup>5</sup>, opent plankontor og temamøte. Oppdatert informasjon om planarbeidet og -prosessen skal til ein kvar tid vere enkelt tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Også sosiale media skal brukast for å spreie informasjon om planarbeidet. Det er eit ynskje om å stille fram sjølve planen digitalt (via systemet FRAMSIKT) i staden for å produsere dokument berre i PDF-format.

<sup>5</sup>

[Metode for gjestebod](#)

## Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen

Framdriftsplan (per 27.11.2024):

Dato/tidsperiode	Framdrift
21.3.2024	Kommunestyret (KS) vedtek oppstart av arbeidet med ny samfunnsdel i samband med utarbeiding av ny planstrategi.
April – august 2024	Samanstilling av kunnskapsgrunnlaget Arbeidsverkstad med KS, ungdomsrådet og eldrerådet/rådet for funksjonshemma, møte med administrativ leiargruppe Utarbeiding av forslag til planprogram
12.9.2024	Sak i formannskapet
26.9.2024	Kommunestyret legg planprogrammet for ny samfunnsdel og planstrategi 2024-2027 ut på høyring.
4.10.-16.11.2024	Høyringsperiode
Jan./Februar 2025	Kommunestyret vedtek planstrategi 2024-2027 og sett fast planprogrammet for kommuneplanen sin ny samfunnsdel.
Februar – august 2025	Utredningsfase, medverknad, utarbeiding av planforslag
Våren 2025	Drøfting av grovutkast i Regional planforum
September 2025	Kommunestyret legg samfunnsdel 2025-2036 ut på høyring
November/desember 2025	Kommunestyret vedtek kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036

### 3.3 Konkrete tema samfunnsdelen skal vurdere

Det er mange ulike tema som må takast opp i den nye samfunnsdelen til kommuneplanen, for at planen kan fungere som overordna styringsverktøy for kommunen si utvikling. Gjeldande samfunnsdelen er frå 2013, og det har skjedd mykje sidan denne tida, både globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt.

Viktige overordna tema er berekraft (miljømessig, sosialt og økonomisk), samfunnstryggleik og beredskap, folketalsutvikling, bustadplanlegging, folkehelse, oppvekst, frivillighet, omdømme og verdiskaping.

Den kommunale planstrategien legg opp til ei tydeleg reduksjon av planar i kommunen sitt planverk, for å betre tilpassa det til kommunen sine behov. Dette tyder at enkelte planar og strategiar må bli ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel, framfor å vere eigne planar. I denne planrevisjonen gjeld dette klima- og energiplanen (inkludert klimatilpassing), sti- og løypeplanen og strategisk næringsplan. Dette inkluderer også tema reiseliv og besøksforvaltning. Også verdsarvstatusen og verdiskaping knytt til denne skal vere eit tema. Arealstrategien skal flyttast frå arealdelen til samfunnsdelen.

Arealdelrevisjonen som nettopp blei fullført har vist behovet for fleire avklaringar knytt til framtidig arealbruk: Vik sentrum (avgrensing og ev. tilrettelegging for omkjøring), næringsareal (grøn industri,

akvakultur, vindkraft, utnytting av mineralressursar), areal til offentleg tenesteyting (utviding av Vik fengsel og ev. samlokalisering med andre offentlege tenester), ev. ny skytebane og motorsportanlegg samt ev. fullføring av kulturløypa Sylvringen.

Sidan kommunen har starta opp med eit prosjekt for driftstilpassing, må samfunnsdelen ta opp viktige tema knytt til dette: Økonomistyring, effektivisering av kommunale tenester, kommunen som nyskapande arbeidsgjevar, arbeidsrekryttering og kompetanse.

Ut frå temaa i planen må samfunnsdelen konkludere med kva hovudsatsingar som skal prioriterast i planperioden 2025-2036. Desse kan justerast undervegs når planen heretter blir revidert ein gong kvar kommunestyreperiode. Hovudsatsingsområde i samfunnsdelen skal mellom anna vere:

- **Gode oppvekstvilkår**  
Legge til rette for ei god og trygg barne- og ungdomstid som gjer at det er i Vik ein vil at også eigne ungar skal vekse opp. «Her vil eg leva, her vil eg bu.»
- **Vik for alle**  
Skape eit inkluderande samfunn som får flyktningar til å bli buande, motverkar utanforskap. Ein kommune der folk kan leve godt heile livet.
- **Grøn omstilling og berekraftig verdiskaping**  
Legge til rett for nye grøne industriarbeidsplassar. Utvikle næringslivet, landbruket og reisemålet Vik til å bli meir berekraftige.
- **Ein god arbeidsplass**  
Kommunen skal vere ein arbeidsplass som evnar å fornya seg, tiltrekke og halde på arbeidskraft.

### 3.4 Behov for utgreiingar

Behovet for utgreiingar handlar om å få fram statistikk, fakta og analysar for å kunne ta avgjerd basert på kunnskap. Dette gjeld spesielt for satsingsområda i samfunnsdelen, og for områda kommunen har utfordringar.

Kommunen ser i utgangspunkt ikkje at det er behov for mange nye, større utgreiingar for dette planarbeidet. Det blei stilt saman eit oppdatert kunnskapsgrunnlag (sjå vedlegga) i samband med ny kommunal planstrategi, som er del av dette dokumentet. Kunnskapsgrunnlaget skal også ligge til grunn for arbeidet med samfunnsdelen, men det kan vere behov for å oppdatere delar av kunnskapsgrunnlaget undervegs i prosessen.

Sjølv om kunnskapsgrunnlaget i utgangspunkt får fram dei viktigaste utfordringane, kan det vere behov for meir detaljerte analyser for å sjå nærmare på problemstillingar, t. d. når det oppstår målkonflikt. Med målkonflikt er meint her at eit mål eller ei satsing i kommuneplanen vil vere til stor ulempe for eit anna mål eller ei satsing i same planen.

Eit døme kan vere næringsutvikling på same tid som kommunen skal redusere sine direkte klimagassutslepp tydeleg innan 2030 og setje seg forpliktande mål for dette. Dei største direkte klimagassutslepp i kommunen kjem frå jordbruk, sjøfart og vegtrafikk. Det er truleg fleire store utsleppskjelder som kommunen vanskeleg kan påverke, slik som gjennomgangstrafikk på veg og i sjø, kollektivtrafikk, trafikk knytt til næring, fordøyingsprosessen hjå husdyr, osv. Det vil vere behov for ei analyse som identifiserer dei områda kommunen gjennom tiltak faktisk har moglegheita for redusere

direkte klimagassutslepp, og ei vurdering om denne reduksjonen vil vere tilstrekkeleg for å nå klimamåla. Dette er viktig å utgreie, før kommunen ev. kan satse på utvikling av næringar som fører til uendra eller større direkte klimagassutslepp, t. d. eit reiseliv knytt til cruiseskipanløp eller større industriområde. Sogn næring jobbar etter bestilling frå kommunestyret med ei utgreiing i samband med ei venta auke i tal cruiseskipanløp. Rapporten, som truleg blir ferdigstilt hausten 2024, er meint å inngå i kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med samfunnssdelen.

Ei anna utgreiing eller analyse som vil vere nyttig å gjennomføre gjeld Norge, og dermed også kommunen, sitt arbeid med å bli eit berekraftig samfunn. Det blei i starten av 2024 gjennomført ein relativ omfattande berekraft-workshop i kommuneadministrasjonen. Målet var m. a. å identifisere dei berekraftsmåla til FN som kommunen med sitt utfordringsbilete bør prioritere å jobbe med. I workshop'en kom ein ikkje heilt i mål med dette arbeidet. Men det blei peika ut fem mål samt indikatorar for å måle framgangen i måloppnåing:

- Mål 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn
- Mål 12 – Ansvarleg forbruk og produksjon
- Mål 13 – Stoppe klimaendringane
- Mål 15 – Livet på land
- Mål 17 – Samarbeid for å nå måla

Her ville det vere formålstenleg å sluttføre arbeidet på administrativt nivå og gjennomføre ein liknande prosess der også det politiske nivået er involvert. Det bør jobbast fram ei prioritering som er godt forankra i heile kommunen. Eit slikt arbeid ville truleg også få fram fleire ev. målkonfliktar vi må passe på.

I samband med planvaskprosjektet vil det vere naudsynt med ein analyse av alle gjeldande reguleringsplanar i kommunen for å identifisere dei planane som ikkje eignar seg til å styre av arealbruken lenger. For å ikkje binde opp for store arbeidsressursar i planavdelinga bør konsulenthjelp vurderast.

Vik idrettslag har starta arbeidet med ein statusrapport for Vik skisenter med tanke på framtidig drift og utfordringar som må løysast. Denne kan bli del av kunnskapsgrunnlaget når kommunen skal vurdere om behovet for ny reguleringsplan for skisenteret skal stadfestast.

## 4 Vedlegg

- 4.1 [Vurdering av planbehovet 2024-2027 \(reguleringsplanar\)](#)
- 4.2 [Oppsummering og vurdering av høyringssinnspela](#)
- 4.3 [Samla høyringssinnspel \(original\)](#)
- 4.4 [Høyringssinnspel kystverket](#)
- 4.5 [Kunnskapsgrunnlaget for planstrategi 2024-2027](#)
- 4.6 [Folkehelseoversikt 2023/2024](#)
- 4.7 [Rapport Telemarksforskning](#)
- 4.8 [Resultat berekraftworkshop](#)